



Barmen skriv autografar i gymsalen

Det tradisjonelle høgdepunktet under TINE Fotballskule i Rosendal - møtet med spelarar frå Brann - er passert i dag. Det var som vanleg stor stas, men det vart ein viss nedtur då tippeligaens kanskje beste keepar Piotr Leciejewski ikkje kom..

Han meldte forfall i ellefte time på grunn av formaliteter med opphaldet i Noreg som ikkje han rår over. Men han fekk ein ytterst lovande erstattar, Håkon Lorentzen som er berre 15 og nestyngst i tippeligaen. Derimot svikta ikkje Kristoffer Barmen.

Dei to kom fjordvegen og hadde først ei hektisk økt med autografskrivning i gymsalen. Det vart skrive namn nærmast på all ledig plass - frå ryggsekkar og trøyer til ballar og lekamsdelar. Ordførar Synnøve Solbakken var også møtt fram og hadde ein triveleg prat med dei 2 spelarane-og også ho sikra seg ein signatur!

Etter matøkt gjekk dei 2 ein runde mellom gruppene - frå alderssteg til alderssteg - og lærte forhåpentleg frå seg nokre triks sjølv om tida som stod til dispensasjon var begrensa og duskregnet la ein dempar på seansen..

Alt i alt var leiinga godt tilfreds med utbyttet av dagen. I morgon vert det sett sluttstrek for dei 3 skuledagane som 45 frå Uskedalen har delteke i.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Lorentzen i aksjon med instruksjonen